

2019-03-08

## **2. innkalling til årsmøte for Raudt Hordaland**

Her kjem den endelege innkallinga til Raudt Hordaland sitt årsmøte søndag **24. mars frå kl 12.00** i auditoriet i fyrste etasje på fylkesbygget, Hordaland fylkeskommune. **NB! Registrering med ein liten matbit frå kl 11.00!**

### **Framlegg til sakliste:**

- 1-19 Godkjenning av innkalling, sakliste, dagsorden og forretningsorden
- 2-19 Val av ordstyrarar og referent
- 3-19 Val av tellekorps og protokollunderskrivarar
- 4-19 Årsmelding 2018, inkludert meldinger frå lokallaga
- 5-19 Rekneskap 2018
- 6-19 Økonomireglement
- 7-19 Handlingsplan 2019
- 8-19 Budsjett 2019
- 9-19 Fråsegner
- 10-19 Val av nytt styre og samordningskomitè
- 11-19 Val av ny valkomite
- 12-19 Val av revisor

### **Program møte 23. mars**

Vi minner også om at det skal vere program møte for Raudt Vestland dagen før årsmøtet, altså laurdag 23. mars, tidsramma er 12 - 16. Her har delegater stemmerett, men det er møte- og talerett for alle medlemmar i Raudt Hordaland og Raudt Sogn og Fjordane. Forslaget til program vart sendt ut frå programkomiteen 2. mars.

### **Papirsparing**

Vi ber om at dei som treng papira utprinta seier i frå. Elles er det fint om folk tek med PC/nettbrett og lastar ned sakspapira på den. Så sparar vi miljøet og pengar!

### **Strategidiskusjon**

Etter at fylkesårsmøtet er avslutta, kl 15.10, vil det bli innleiing om Raudt sin strategi ved leiar av strategikomiteen Linn-Elise Øhn Mehlen. Strategien skal diskuterast på Raudt sitt landsmøte 9. - 12. mai. Etter innleiinga blir det mogleg å stille spørsmål og debattere.

Vedlagt mailen finn de sakspapir til årsmøtet, og framlegget til strategi.

Velkomen til årsmøte!

Venleg helsing  
Raudt Hordaland

Magne Hagesæter  
leiar

Torill Frøise  
fylkessekretær